



Notat

Dato: 05.04.2017
Arkivsak: 2014/1180-96
Saksbehandlar: inggase

Til: Hans-Christian Engum

Frå: Inger Lena Gåsemyr, Jostein Aksdal

Regional areal- og transportplan for Bergensområdet. Kulturminnefagleg fråsegn.

Vi viser til tidlegare møter og innspel i saka samt informasjonsmøte om ny avgrensa høyringsprosess datert 10.3.2017.

Her er våre innspel til høyringsdokumentet:

Innspel til kapittel 3:

- **Pkt. 3.5.1 Kulturlandskap.** Her må ein vise kjelde til kor «1 % av landarealet i perioden 1999-2013» er henta i frå.
- **Pkt. 3.5.3 Omdisponering av jordbruksareal.** Her må det visast referanse i tabellen. I sluttan av andre avsnitt må ein legge til at: «Omdisponering av jordbruksareal har og stor innverknad på både forhistoriske og nyare tids kulturminne som ligg i slike områder».

Innspel til kapittel 4:

- **Pkt. 4.1 Strategi:** Avsnittet om «Ein meir føreseieleg planprosess» bør takast ut, då det kan vere i konflikt med kulturminnelova.
- **4.6.1 Natur, Kulturmiljø og landskap.** I nest siste avsnitt bør ein endre nest siste setning til «Eit konsentrert utbyggingsmønster med høg tettleik i desse sonene kan gje betre vern av naturmangfold, landskap, landbruk, kulturmiljø og friluftsliv i resten av regionen.
- **4.5.6 Kulturmiljø.** I nest siste avsnitt må ein endre første setning til å gjelde nyare tids kulturminne, då det er annleis med arkeologien. Ein må elles referere til kulturminnelova.
- **5 Retningslinjer.** Det er viktig å vise til kulturminnelova under verknad av planen. Ein må og få inn noko om kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse,
<http://www.riksantikvaren.no/Prosjekter/Kulturhistoriske-landskap-av-nasjonal-interesse>